

# Saksframlegg

Sakshandsamar: Markus Mohn Werner  
Arkivsaksnr.: 17/336-20

Arkiv: PLAN 1420-2018001

## Detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata

PlanID: 1420-2018001

### \* Tilråding:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata – sykkelveg med fortau, dagsett 05.09.2018, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

[... &&& Sett inn saksutredningen under &&&](#)

### Handsaming:

Rådmann la fram ei justert tilråding i møtet.

### Rådmann si tilråding:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata – sykkelveg med fortau, dagsett 05.09.2018, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Før saka vert handsama i kommunestyret skal plankartet ha påskrift med breidder på fortau og sykkelveg.

### Vedlegg:

1. Planhefte med plankart og føresegner, dagsett 05.09.2018
2. Vurdering av merknader
3. Merknader samla
4. Tekniske teikningar
5. Risikovurdering
6. ROS-analyse
7. Geoteknisk rapport
8. Notat om overbygning
9. Notat om endringar frå forprosjekt til reguleringsplan
10. E-post revidert støysoneanalyse

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn:

Statens vegvesen har utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan for Rv.5 Gravensteinsgata sykkelveg med fortau. Statens vegvesen har sjølv fremja forslag til detaljreguleringsplan og lagt framlegget ut til høyring og offentleg ettersyn, etter avtale med planmyndigheita, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 3-7.

Føremålet med planen er å etablere sykkelveg med separat fortau langs Rv.5 Gravensteinsgata på strekninga frå gangfelt over Hovevegen (Kulturhuset) til gangfelt over Fv. 211 Dalavegen. Prosjektet legg til rette for etablering av sykkelveg og fortau med breidder høvesvis 2,5 meter og

2,0 meter. Planområdet omfattar naudsynte areal regulert til samferdsleanlegg og infrastruktur, riggområde, og tilpassing til omkringliggjande eigedomar regulert til bustader og kombinerte føremål forretning/kontor/tenesteyting.

**Planprosess:**

Forprosjektet og planframlegget har blitt presentert for forvaltningsutvalet i møte.

Det kom inn 11 merknader til varsel om oppstart. Desse er summert opp i kap. 9 i planomtalen.

Framlegg til reguleringsplan har vore ute til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med pbl. § 12-10 frå 8. september til 20. oktober. Den 24. oktober vart det halde eit ope informasjonsmøte i kommunehuset i Sogndal. Det var om lag 15-20 frammøtte, hovudsakleg direkte berørte partar. I tillegg har det vore eigne møte med Nettbuss eigedom as og Norgesgruppen vest/ ASKO vest i høyringsperioden, der Sogndal kommune har vore med, og eit møte med eigar av Gravensteinsgata 6. Det kom inn i høyringa inn 10 merknader til planen. Merknadane er gått gjennom og kommentert av Statens vegvesen i vedlegg 2 «Vurdering av merknader», med administrativ tilråding.

**Vurdering:**

Planen vil erstatte heile attverande del av reguleringsplan Sogndal sentrum del 1, reguleringsendring Almenningen (1980). Planen vil erstatte delar av reguleringsplanane:

- Rv. 5 Ny rundkøyring i krysset med Dalavegen og Gravensteinsgata (2016)
- Kvartalet Gravensteinsgata – Hovevegen – Leitevegen (2007)
- Meierikvartalet, endring (2005)
- Sogndal sentrum del 3, område B1 (2005)
- Quality Hotel Sogndal (1998)
- Stedje bru (1991)
- Dalavegen – parsell ny Stedje bru – Trolladalen (1979)

Planen er tilpassa reguleringsplan for rundkøyring i krysset Dalavegen mot Gravensteinsgata, med noko justert linjeføring og flytting av overgangsfelt mellom Sogndal hotell og skysstasjonen. Planen er vidare tilpassa arealbruken i framlegg til områdeplan campus Sogndal, som opnar for å vidareføre gang- og sykkelanlegga vidare mot campusområdet.

I eit 10-på-topp punkt i økonomiplanen heiter det at *«vi skal arbeide vidare med å betre tilhøva for gåande og syklande, jf. sykkelplan, og legge til rette for betre trafikkavvikling gjennom sentrum...»*. I sykkelplanen er Gravensteinsgate merka som del av hovudvegnettet for sykkel, og det er eit høgt prioritert tiltak.

I handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan (NTP) for perioden 2018-2029 ligg prosjektet inne med 42 mill. kr. til bygging av prosjektet, med prosjektering og bygging i 2020-2022. Anleggsfasen vil truleg sjåast i samanheng med bygging av rundkøyringa Gravensteinsgata/Dalavegen. I prosjektet er det lagt opp til opprusting av kommunalt vatn- og avløpsnett langs gata som del av byggjefasen. Kostnader til dette tiltaket er ikkje stipulert, men vil kunne dekkast inn over VA-budsjettet.

Statens vegvesen har tilpassa prosjektet til merknader frå grunneigarar så langt det har vore mogleg innanfor rãmene av løyvde midlar. Planprosessen har vore grundig og avklart dei vesentlege tilhøva i planområdet. Merknadar til offentleg høyring og ettersyn er samanfatta og vurdert i vedlegget «Vurdering av merknader» og vi sluttar oss til desse i sin heilskap. Vi har følgjande vurderingar:

Framlegget om samla felles avkjørsel mot Leighota/Skulevegen frå eigedomane i «kvartalet» mellom Plassen, Leighota og Skulevegen, vurderer vi som del av områdeplan campus Sogndal. Vi vil ikkje tilrå etablering av støyskjerming langs Gravensteinsgata, då dette vil ha ei vesentleg negativ effekt på opplevinga av gaterommet og slik sett vere i strid med målet om å leggje betre til rette for gåande og syklende. Andre tilpassingar av prosjektet til eigedomane langs vegen kan gjerast som del av detaljprosjektering og treng etter vår vurdering ikkje å sikrast ytterlegare i planen. Vi tilrår ikkje å gå ned på standard på prosjektet for å tilpasse tiltaket meir til eigedomane. Ved Kulturhuset må tiltaket tilpassast eksisterande bygningsmessige strukturar.

Parkeringsplassen for personbilar sør for Sogndal skysstasjon har i dag 39 plassar. I gjeldande reguleringsplan for rundkøyringa ved Bahus går om lag 13 plassar tapt. I denne planen (sykkelveg med fortau) går ytterlegare 6 plassar tapt, og ein står att med 20 parkeringsplassar. Plassane kan erstattast i erstatningsoppgjer som følgje av gjennomføring av planen.

AMFI Sogningen har i dag totalt ca. 500 parkeringsplassar inkludert HC-plassar og reservert el-parkering/ladestasjon og parkering for tilsette. Totalt er det i dag 56 parkeringsplassar framfor AMFI Sogningen (inkludert ladestasjon, ein HC og vanlege plassar mot Kulturhuset, samt ein HC og taxiplass ved tidlegare «Domus-plassen»). Ved framføring av sykkelveg med fortau vert talet redusert med 25 plassar, og ein står att med 32 parkeringsplassar (inkl. drosjehaldeplass) framfor AMFI Sogningen.

Etter vårt skjønn har Statens vegvesen så langt som råd er forsøkt å tilpasse prosjektet til senterområdet, både gjennom det valte konseptet frå forstudiet og endringar undervegs, samstundes som det vert lagt til rette for ein trafikktrygg løysing. Det har vore drøfta etablering av nødutgang frå parkeringskjellar slik at denne kan nyttast også på kveldstid. Vi vurderer at dette kan gjerast på bakgrunn av gjeldande og ny plan. Det vil difor liggje til rette for at tiltaket eventuelt kan gjerast som del av detaljprosjektering og erstatning for gjennomføring av planen.

#### *Tilråding:*

Planframlegget følg opp tidlegare arbeid i Bygdeverkstaden og BOTSFOR-konferansen (2010) og dei sentrale ambisjonane i arealdel til kommuneplanen, plan for gangvegar i sentrum, sykkelplanen, økonomiplanen og anna planverk om betre tilrettelegging for gåande og syklende. Sykkelvegen som er planlagt er tett knytt til det øvrige sykkel- og gangvegnettet i sentrum, og bidreg saman med ny Loftesnesbru til ei vesentleg forbetra og tryggare skulevegar. I framlegget til områdeplan campus Sogndal er gang- og sykkelvegnettet vidareført frå Gravensteinsgata mot både Trudvang skule, Kvåle skule og campusområdet. I vedteken områdeplan Stedjevegen sør er det avsett areal langs riksveg 55 for framhald med tilsvarande sykkelveg.

I planframlegget er det lagt vekt på å få til betre tilhøve for mjuke trafikantar på tvers av gata, til dømes ved universell utforming og betra stigningstilhøve på overgangsfelt. Planen vil betre dei trafikale tilhøva foran AMFI Sogningen, særleg ved å gjere området meir tilgjengeleg og lettare lesbart for mjuke trafikantar. Sjølv om trekker langs gata må fjernast for gjennomføring av planen, vil det totale inntrykket av gaterommet hevast monaleg gjennom kvalitetsheving av gatedekke og ny planting. Samla sett meiner vi det vesentleg forbetra tilbodet for mjuke trafikantar vil vere eit viktig ledd i sentrumsutviklinga.

I 2016 vart det som ein del av Sogndalspakken føreslege å legge riksvegen i Gravensteinsgata i miljølok under bakken mellom skysstasjonen og rundkøyringa ved Sogndal kulturhus, i tillegg til ei rekkje andre sentrumstiltak og tiltak for mjuke trafikantar. Sogndalspakken vart skrinlagt av kommunestyret i 2016, og reguleringsplanarbeidet er starta opp på bakgrunn av denne avgjerda. Administrasjonen forhold seg no til eit arbeidsoppgjer om å arbeide for omkjøring utanom Sogndal sentrum.

På bakgrunn av dette, tilrår rådmann at planforslaget vert vedteke slik det no ligg føre.

Sogndal, 30.11.2018

Jostein Aanestad  
rådmann